


Til offentlege myndigheiter,  
naboar og aktuelle parter

Ålesund, 10.02.2023  
Vår ref. 637269-04

## Varsel om oppstart av planarbeid, Detaljregulering for Djupvika avløpsanlegg

Formålet med reguleringsplanen er å etablere ny pumpestasjon med tilkomstveg, snuplass og landtak for sjøleidningar ved Djupvika reinseanlegg. Varsel om oppstart av planarbeid kunngjerast etter plan- og bygningslovens § 12-8. Planen utarbeidast som detaljreguleringsplan. Asplan Viak v/ Anna Hellstrøm er plankonsulent for planforslaget som utarbeidast for forslagsstillar Sula kommune.



Figur 1 Foreslått planavgrensing

### Planområdet

Foreslått plassering av ny pumpestasjon er på nordsida av Fiskarstrandvegen, langs vegen Tingstadvika ut mot Djupvika.

Planområdet er ca. 11,9 daa og omfattar bl.a gnr/bnr. 87/183, 87/12, 87/248 og nausttomtene i Djupvika i Sula kommune.

### **Forhald til overordna plan**

Området innan avgrensinga er i kommuneplanens arealdel avsett til formåla offentleg eller privat tenesteyting, andre typar nærare angjeve bygningar og anlegg, næringsverksemd, grønstruktur og bevaring kulturmiljø.

### **Gjeldande reguleringsplan og formålet med endring av reguleringsplan**

Delar av planområdet er ikkje detaljregulert. Planområdets vestre del er regulert gjennom Reguleringsplan for Djupvika frå 1987. I planen er vegen Tingstadvika regulert gjennomgåande bort til planområdet, og areala rundt er avsett til industri. Det er også avsett areal til naust vest for dagens reinseanlegg.

Ny pumpestasjon er tenkt plassert nord for dagens reinseanlegg. Den nye pumpestasjonen skal pumpe avlaupsvatn mot det nye reinseanlegget ved Kongshaugstranda. Vatn- og avlaupsanlegg samt køyreveg er aktuelle arealformål. Sjå også vedlagd referat frå oppstartsmøtet.


### **Behov for konsekvensutgreiing**

Planarbeidet er vurdert å ikkje komme inn under krav om konsekvensutredning, jfr. plan- og bygningslovens § 4-2, sjå oppstartsmøtereferatet.

### **Hensikten med varselet og medverking**

Hensikten med å varsle at eit planarbeid settast i gang er å avdekke om planen kan kome i konflikt med viktige omsyn i området. I tillegg skal naboar og aktuelle parter gis moglegheit for å komme med innspel til planprosessen på et tidleg tidspunkt. Forslagsstillar vil da lettare kunne ta omsyn til innspela, enten det gjelder kva som skal utgreiast, viktige interesser som må takast vare på eller avbøtande tiltak som bør vurderast. Etter planen er utarbeidd vil den sendes ut på nytt på høyring.

Etter at plandokumenta er utarbeidd og politisk behandla i kommunen vil planforslaget sendast ut på høyring. Etter høyringsperioden vil planforslaget reviderast før det kan bli vedteke av kommunestyret.



Figur 2. Illustrasjonen viser ein vanleg planprosess for reguleringsplan. Dette varselet skjer ved markeringa for å «Kunngjøre og varsle oppstart».

### Meir informasjon og kontaktinfo

Innspel til planarbeidet sendes innan 10.04.2023 til Asplan Viak AS v/ Anna Hellstrøm, på epost [anna.hellstrom@asplanviak.no](mailto:anna.hellstrom@asplanviak.no) eller i brev til Asplan Viak AS, Lerstadvegen 545, 6018 Ålesund.

Meir informasjon finnast på heimesida til Sula kommune [www.sula.kommune.no](http://www.sula.kommune.no) og Asplan Viak sine nettsider, sjå [www.asplanviak.no/kunngjoringer](http://www.asplanviak.no/kunngjoringer). Ver vennleg og kontakt Anna Hellstrøm, Asplan Viak AS, på tlf. 476 72 792 for ytterlegare opplysningar.

Med vennleg helsing

Asplan Viak AS

Anna Hellstrøm

Arkitekt MNAL og arealplanleggar

Telefon 476 72 792

E-post [anna.hellstrom@asplanviak.no](mailto:anna.hellstrom@asplanviak.no)